

## Rundskriv R

---

Alle departementa  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-10/2015

Vår ref  
15/5683 TS

Dato  
17.12.2015

### Rapportering til statsrekneskapen for 2016

Rundskrivet er fastsett av Finansdepartementet med heimel i *Reglement for økonomistyring i staten* § 3.

#### 1. Innleiing og innhald

Rundskrivet inneheld fristar og krav til rapporteringa til statsrekneskapen for 2016.

I pkt. 3 er det gjeve fristar for rapportering til statsrekneskapen for 2016. Pkt. 4 handlar om krav til rapportering til statsrekneskapen for ordinære statlege forvaltningsorgan og statens forvaltningsbedrifter, medan pkt. 5 handlar om rapportering for verksemder med særskilde fullmakter og statlege fond. Bruken av informasjon frå statsrekneskapen er omtalt i pkt. 6. I pkt. 6.2 er det gitt ei kort omtale av det utvida innhaldet i den månadlege publiseringa av statsrekneskapen frå januar 2016.

#### 2. Verkeområdet for rundskrivet

Rundskrivet gjeld for statlege forvaltningsorgan, medrekna departement, jf. reglement for økonomistyring i staten § 2. Forvaltningsorgan omfattar ordinære statlege forvaltningsorgan (“bruttobudsjetterte verksemder”), forvaltningsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet (“nettobudsjetterte verksemder”) og statens forvaltningsbedrifter. Desse er heretter kalla verksemder. Det vert presisert at rundskrivet òg gjeld ved forvaltning av statlege fond.

### 3. Fristar for å rapportere til statsrekneskapen for 2016

<u>Periode</u>	<u>Frist</u>	<u>Periode</u>	<u>Frist</u>
1.1. – 31.1.2016	15.2.2016	1.1. – 31.7.2016	15.8.2016
1.1. – 29.2.2016	15.3.2016	1.1. – 31.8.2016	15.9.2016
1.1. – 31.3.2016	15.4.2016	1.1. – 30.9.2016	14.10.2016
1.1. – 30.4.2016	18.5.2016	1.1. – 31.10.2016	15.11.2016
1.1. – 31.5.2016	15.6.2016	1.1. – 30.11.2016	15.12.2016
1.1. – 30.6.2016	15.7.2016	1.1. – 31.12.2016	16.1.2017

### 4. Rapportering frå bruttobudsjetterte verksemdar og forvaltningsbedrifter

#### 4.1 Rekneskapsrapport

Bruttobudsjetterte verksemdar og forvaltningsbedrifter skal kvar månad senda inn rekneskapsrapportar<sup>1</sup> etter kontantprinsippet med akkumulerte tal for den perioden rekneskapen omhandlar.

Rekneskapsrapportar til statsrekneskapen skal innehalda rekneskapslinjer etter følgjande struktur (sjå vedlegg 1 for meir informasjon):

- statskonto
- artskonto
- beløp
- fullmakt

Rekneskapsrapporten skal innehalda *statskonto* og *artskonto* etter følgjande definisjonar:

- *Statens kontoplan*: Ei standardisert inndeling av statsbudsjettet og statsrekneskapen i utgifter, inntekter, egedelar, gjeld og eigenkapital.
- *Statskonto*: Kontoar i statens kontoplan som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-101.
- *Standard kontoplan*: Ein felles, standard kontoplan som verksemdene skal bokføra på i sine rekneskap. Standard kontoplan er fastsett på eit obligatorisk siffernivå og delar inn og grupperer verksemdene sine utgifter/kostnader, inntekter, egedelar og gjeld etter art.
- *Artskonto*: Kontoar i standard kontoplan på obligatorisk siffernivå som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-102.

Kvar rekneskapsline skal innehalda fullmakt til postering på statskonto. Verksemda skal normalt nytta *eiga fullmakt*<sup>2</sup> når posteringa har heimel i tildelingsbrev til verksemda, og når posteringa gjeld statskontoar som er tilvist verksemda eller er felles og opne for alle verksemdar (sjå vedlegg 2). Ved postering på andre statskontoar (framandt kapittel) skal *belastningsfullmakt* nyttast.

---

<sup>1</sup> Den einskilde verksemda vil normalt senda ein rapport til statsrekneskapen. Einskilde verksemdar *kan* ha valt å organisera seg med fleire rekneskapsførarar, til dømes regionalt, slik at det vert sendt fleire rapportar til statsrekneskapen kvar månad.

<sup>2</sup> Verksemdar som er omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, skal bruka *eiga fullmakt* ved rapportering av betalt meirverdiavgift på kap. 1633, post 01. Dersom ei verksemd får belastningsfullmakt på ein budsjettpost (01-49) som inngår i nettoføringsordninga, kan betalt meirverdiavgift ved bruk av fullmakta rapporterast på kap. 1633, post 01 ved å nytta *belastningsfullmakt*, jf. rundskriv R-101.

Forvaltningsbedriftene og Statens direkte engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) skal for post 24 driftsresultat i tillegg rapportera på underpostar.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapen. Nærare detaljar om rekneskapsrapporteringa til statsrekneskapen finst på <http://www.dfo.no/Forvaltning/Statsregnskapet>

Etter at verksemda har sendt inn rekneskapsrapporten skal ho henta avstemmingsliste frå statsrekneskapen og kontrollera at posteringane i statsrekneskapen er i samsvar med rekneskapen som er rapportert inn. Ved avvik skal feilen rettast etter instruksjon frå DFØ. Avstemminga skal dokumenterast. Sjå pkt. 4.3 om avstemming av mellomvære med statskassa.

#### **4.2 Om rapportering av mellomvære med statskassa**

Kvar rekneskapsfører<sup>3</sup> er tildelt kvar sin 6-sifra statskonto for mellomvære med statskassa. Transaksjonar på balanse-/interimskontoar skal i S-rapporten rapporterast på statskontoen for mellomvære med statskassa og vera spesifisert med artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, jf. vedlegg 1.

Statskontoen for mellomvære med statskassa skal vera spesifisert med artskonto<sup>4</sup> 1980 for inngåande behaldning (IB) og artskontoar for behaldningar av fordringar og gjeld ved utgangen av rapporteringsperioden.

For nærare omtale av artskonto 1980 *Avrekning mellomvære*, sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert òg overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. [www.dfo.no/kontoplan](http://www.dfo.no/kontoplan).

Sjå vedlegg 3 for meir informasjon om saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt.

#### **4.3 Avstemming av mellomvære med statskassa**

Avstemming av mellomvære med statskassa skal dokumenterast ein gong i månaden. Det følgjer av *Bestemmelser om økonomistyring i staten* (bestemmelsene) pkt. 3.5.1 og 4.4.6. Verksemdene skal dokumentera balansen og avstemma og spesifisera rapporterte tal. Avstemminga og spesifikasjonen skal omfatte alle balanse-/interimskontoar.

---

<sup>3</sup> Sjå fotnote 1 om rekneskapsrapport og rekneskapsfører.

<sup>4</sup> Bruttobudsjetterte verksemdar nyttar artskonto 1980, medan forvaltningsverksemdene nyttar artskonto 1970.

Utgående balanse for mellomvære med statskassa for ein aktuell periode kjem fram slik i statsrekneskapen:

Inngående balanse per 1.1.	
+ Netto endring i mellomvære for rapporteringsperioden	
= Utgåande balanse for rapporteringsperioden	

Saldo på konto for mellomvære med statskassa skal spesifiserast på relevante artskontoar i kontoklasse 1 *Eigedelar* og kontoklasse 2 *Statens kapital og gjeld* ved rapportering til statsrekneskapen. Verksemdene pliktar å kunna dokumentera beløpa som inngår i mellomvære med statskassa.

#### 4.4 Handtering av feil i rekneskapsåret og ved årsavslutning

Dersom den periodevise kontrollen og oppfølginga mot statsrekneskapen avdekkjer feil eller manglar, skal verksemdene ta dette opp med DFØ slik at feilen kan korrigerast innan fristen for neste rekneskapsrapportering.

Rekneskapsrapporten frå den einskilde verksemda per 31. desember 2016, med rapporteringsfrist 16. januar 2017, skal vere ein komplett rekneskap utan kjente feil eller manglar. Dei einskilde departementa må understreka for dei underliggjande verksemdene at eventuelle feil og manglar som vert identifiserte i rekneskapen skal rapporterast til DFØ og korrigerast fortløpande. Som hovudregel skal dette gjerast innan neste rekneskapsrapportering, slik at førebels statsrekneskap for 2016 vert korrekt. Ompostering etter at førebels rekneskap føreligg er i hovudsak meint å verta nytta der førebels rekneskap ikkje er avstemt med verksemda sin rekneskap i samband med innsending av siste rekneskapsrapport.

#### 4.5 Ved omorganisering

Når rekneskapsførarar vert overførde frå eit departement til eit anna, eller når rekneskapsførarar skal samlast i større einingar, eller vert delte opp, får det konsekvensar for mellomværet som dei har med statskassa.

Dersom dette skjer skal verksemdene kontakte DFØ så tidleg som mogleg for avklaring av korleis overføring av mellomvære og/eller opphør av mellomvære skal handsamast. Eventuelle endringar i oppgjerskontoar i Noregs Bank i samband med omorganisering må takast opp med DFØ, sjå rundskriv R-104.

### 5. Rapportering for nettobudsjetterte verksemdar og statlege fond

For nettobudsjetterte verksemdar og statlege fond skal det rapporterast forenkla til statsrekneskapen om likvidbevegelsen på oppgjerskonto i Noregs Bank, jf. bestemmelsene pkt. 3.5.4 og 3.5.6. Rapporten skal vere avstemt med rekneskapen til verksemda eller fondet før den vert sendt til statsrekneskapen.

Likvidrapporten skal innan fristane i pkt. 3 sendast som signert og skanna vedlegg til e-post<sup>5</sup> til [statsregnskap@dfo.no](mailto:statsregnskap@dfo.no). Fagdepartementet skal ha kopi.

---

<sup>5</sup> DFØ planlegg å innføra ei obligatorisk ordning med elektronisk innsending og behandling av likvidrapporten i 2016.

Rapporten skal innehalda følgjande informasjon:

Namnet til verksemda<sup>6</sup>: \_\_\_\_\_

Likvidrapport for rekneskapsførarkonto: \_\_\_\_\_

For \_\_\_\_\_ måned \_\_\_\_\_ til statsrekneskapen og \_\_\_\_\_ departement

Inngåande saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	300,-
Endring i perioden	-200,-
Utgåande saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	100,-

For nettobudsjetterte verksemder og fond vert behaldninga på oppgjerskontoane ført over til nytt år, jf. pkt. 4.2 og vedlegg 3.

## 6. Bruken av rekneskapsinformasjonen i statsrekneskapen

### 6.1 Primær bruk, Riksrevisjonen og Statistisk sentralbyrå

Når rapportane frå dei statlege verksemdene og rekneskapsførarane er mottekne, utarbeider DFØ kvar måned ein samla løyvingsrekneskap over budsjettkapitla til kvart departement. DFØ sender dei samla løyvingsrekneskapane til departementa. Når året er slutt, utarbeider DFØ ein endeleg løyvingsrekneskap og kapitalrekneskap som inngår i Meld. St. 3 om statsrekneskapen.

I tillegg til den primære bruken av statsrekneskapsinformasjonen i budsjettoppfølginga og i Meld. St. 3, har statsrekneskapen to andre sentrale bruksområde.

For det fyrste hentar Riksrevisjonen detaljert rekneskapsinformasjon frå statsrekneskapen. Informasjonen vert nytta i den årlige revisjonen og kontrollen med statsrekneskapen og revisjonen av rekneskapen i dei einskilde statlege verksemdene, jf. lova om Riksrevisjonen (lov 2004-05-07-21).

For det andre vert rekneskapsinformasjonen sendt til Statistisk sentralbyrå (SSB) som utarbeider nasjonalrekneskapen og statistikk om offentlege finansar. SSB utfører òg Noregs plikter knytt til internasjonal rapportering. SSB får tal frå statsrekneskapen kvar måned. Rapporteringa er basert på ein avstemt statsrekneskap som er spesifisert på kapittel/post-nivå, dvs. det same nivået som vert rapportert i meldinga til Stortinget.

SSB får i tillegg informasjon om dei einskilde rekneskapsrapportane som utgjer statsrekneskapen med rapportert rekneskap per rekneskapsførar som syner kapittel/post, standard kontoplan, jf. rundskriv R-102, og rapportert underpost for kvar eining med utgiftspost 24 (forvaltningverksemder), jf. rundskriv R-101.

---

<sup>6</sup> For fond skal fondsnamnet nyttast.

## 6.2 Publisering av månedleg statsrekneskap

DFØ publiserer kvar måned ein førebels løyvingerekneskap for utgifter og inntekter på kapittel/post på internett.

For månadene januar til november vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter rapporteringsfristen til statsrekneskapen. For rekneskapen per 31. desember vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter at rekneskapen er bekrefta av departementa, normalt fyrste arbeidsdag i mars.

Frå januar 2016 vert månedleg rekneskap etter standard kontoplan òg publisert på DFØs heimesider. DFØ vil frå då av leggja ut ei rådatafil som omfattar heile løyvingerekneskapen. Publiseringa i januar 2016 vil innehalda rekneskapsdata per november 2015. Fila vil i tillegg til alle kapittel og postar innehalda informasjon etter standard kontoplan, verksemd, fagdepartement for den einskilde budsjettpost, og ansvarleg departement for den rapporterende verksemda.

## 7. Forvaltning

Forvaltninga av statsrekneskapen ligg til DFØ. Som del av denne oppgåva fastset DFØ nærare krav til rekneskapsrapporten og gjev retningsliner for korleis verksemdene skal rapportera. Sjå nettsidene til DFØ for meir informasjon: [www.dfo.no/forvaltning/statsregnskapet](http://www.dfo.no/forvaltning/statsregnskapet)

Retningslinene og oppdatert informasjon om standard kontoplan finst på nettsidene til DFØ, [www.dfo.no](http://www.dfo.no). Sjå òg lenkja <http://www.dfo.no/no/Forvaltning/Standard-kontoplan>

Har du spørsmål om rapporteringa til statsrekneskapen kan dei rettast til DFØ:

Seksjon for konsernsystemer  
Telefon sentralbord: 40 00 79 97  
E-post: [statsregnskap@dfo.no](mailto:statsregnskap@dfo.no)

Med helsing

Astri Tverstøl e.f.  
*avdelingsdirektør*

Torstein Sørbotten  
*fagdirektør*

Vedlegg (3)

Kopi:  
Stortingets administrasjon  
Riksrevisjonen  
Direktoratet for økonomistyring

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje handskrivne signaturar.*

## Vedlegg 1

Månadleg saldorapport (S-rapport) til statsrekneskapen skal innehalda rekneskapslinjer med følgjande informasjon:

Statskonto	Artskonto	Saldo	Merknad
kkkkpp	aaa	000 000	Ein rad for kvar aktuelle statskonto i løyvingsrekneskapen i nummerserien 0001-5999. Kapittel og post utgjer 6 siffer. For post 24 nyttar forvaltningsbedriftene 8 siffer (underpost). Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.
60xxxxxx	19x	000 000	Ein rad for kvar tilviste 8-sifra statskonto i 60-serien i kapitalrekneskapen til verksemdas bankkontoar/oppgjerskontoar i Noregs Bank. Artskonto 19x, der 193 nyttast for bankkonto innbetaling, 194 nyttast for bankkonto utbetaling og 195 nyttast dersom verksemda har tatt i bruk ein oppgjerskonto som dekkjer både inn- og utbetaling.
7xxxxxx	1980/1970 1xx 2xx	000 000	Eigen 6-sifra statskonto i 70-72-serien i kapitalrekneskapen til verksemdas mellomvære med statskassa. Statskontoen skal spesifiserast med artskontoar i fleire rader: Artskonto 1xx for spesifikasjon av verksemdas behaldning av fordringar. Artskonto 2xx for spesifikasjon av verksemdas behaldning av gjeld. For nærare omtale av artskonto1980 (1970) <i>Avregning mellomvære</i> , sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert og overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. <a href="http://www.dfo.no/kontoplan">www.dfo.no/kontoplan</a>  Samla rapportering av IB og behaldningar av mellomvære over statskonto 7xxxxxx svarer til netto endring av mellomværet.
6000-9999	xxx	000 000	Normalt 6-sifra statskonto dersom verksemda er tilvist andre statskontoar å rapportera på i kapitalrekneskapen. Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.

Kvar rekneskapsline skal i tillegg innehalda fullmakt til postering på statskonto.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapen. Sjå meir om rekneskapsrapporteringa på: <http://www.dfo.no/Forvaltning/Statsregnskapet>

## Vedlegg 2

Felleskontoar som skal rapporterast som Eiga fullmakt til statsrekneskapen.

Kap 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse

Kap 5341 Avdrag på uteståande fordringar,  
post 91 Alminnelege fordringar

Kap 5603 Renter av statens kapital i statens forretningsdrift,  
post 80 Renter av statens faste kapital  
post 81 Renter av mellomrekneskapen

Kap 5605 Renter av statskassas kontantbeholdning og andre fordringar,  
post 83 Av alminnelege fordringar

Kap 5700 Folketrygdas inntekter,  
post 72 Arbeidsgjevaravgift



### Vedlegg 3

Saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt

Noregs Bank fører saldo på verksemda sin(e) oppgjerskonto(ar) slik at kontoane syner 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Saldo på oppgjerskonto(ar) vert nullstilt ved at saldo vert ført over til statskassas årsoppgjerskonto i Noregs Bank.

Tømming av oppgjerskontoane skal skje i fyrste rekneskapsperiode (januar) og ikkje siste rekneskapsperiode (desember). Tømmebeløpet vil gå fram av første kontoutskrift frå Noregs Bank for januar.

Verksemda skal ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår bokføra saldoen på oppgjerskontoen mot avrekning med statskassa i kontospesifikasjonen, slik at saldo på dei oppgjerskontoar verksemda disponerer viser 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Nullstillinga av saldo ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår skal ikkje inngå i årets bevegelsar på oppgjerskontoen(e), og heller ikkje i årets bevegelsar som rapporterast til statsrekneskapen.

Unntak frå denne prosedyren er nettobudsjetterte verksemder og fond der behaldningar på oppgjerskontoane vert overførte til nytt år.